

Namn på skulen: Austrheim vidaregåande skule

Tal elevar skuleåret 2016/17: 275

1 Hovudmål: Auka læringsutbytte og fullføring**Skulen si vurdering i lys av:**

Prosentdel fullført og bestått

Prosentdel stryk og IV

Gjennomsnittleg fråvær

Prosentdel sluttarar

1.1 Prosentdel elevar ved skulen som har fullført og bestått alle fag

2015/16	75,3
2016/17	66,67

1.2 Total stryk og IV på standpunkt og eksamen

		Prosentdel stryk	Prosentdel IV
Termin 1	2015/16	11,07	10,25
	2016/17	2,05	2,10
Termin 2/standpunkt	2015/16	8,79	9,62
	2016/17	1,92	2,16
Eksamen	2015/16	7,05	
	2016/17	4,79	

1.3 IV grunna høgt fråvær 2016/17

Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 1	52 (tal på IV totalt)
Tal IV grunna høgt fråvær – Termin 2/standpunkt	61 (tal på IV totalt)
<p><i>Korleis vurderer skulen konsekvensane ny fråværsgrænse gir for elevane sitt læringsutbytte og fullføring? Her har me per i dag ikkje gode nok tal. Me ser at fleire av dei elevane som går her heile skuleåret får bestått og færre får IV. Me må bli flinkare til å føre rett kode på dei som ikkje får vurdering grunna høgt fråvær.</i></p> <p><i>Har skulen sett i verk tiltak etter termin 1 for å redusere tal IV? Kva effekt har tiltaka hatt? Me har ikkje sett i verk nye tiltak etter 1.termin, men me har hatt tett oppfølging av dei elevane som har hatt høgt fråvær gjennom heile året. I år har skulen hatt ein høgare andel sluttarar, men årsakene er veldig samansette og kan ikkje alltid sjåast i samanheng med kva me har gjort på skulen.</i></p>	

1.4 Gjennomsnittleg fråvær

2015/16	timar	14,33
	dagar	12,02
2016/17	timar	8,66
	dagar	9,31

1.5 Prosentdel sluttarar: Avbrottsdato frå 1/10	
2015/16	4,7
2016/17	5,4

1.6 Årsak til avbrot – «anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt»	
<p>Kor mange elevar er registrerte med avbrottskoden «Anna fråfallsårsak/ikkje oppgitt» og kva ligg bak desse tala?</p> <p>8 elevar. Bak desse tala ligg det samansette grunnar til at elevane sluttar. Usikkerheit, sjukdom og nokre gonger feilval.</p>	

1.7 Utfordringar og konsekvensar for mål og tiltak i utviklingsplanen 2017/18	
<p><i>Korleis vurderer skulen tilstanden når det gjeld fullført og bestått, stryk/IV og fråvær i fag og utdanningsprogram? Det er færre som har fullført og bestått samanlikna med 2015-16. Samstundes er det færre som stryk, 1,92 % mot 8,79 % førre skuleår. Strykprosenten ved eksamen har også gått markant ned. Vi må halde fram med arbeidet for å få fleire elevar til å fullføre. Fråværstala er lågare både for timar og dagar.</i></p> <p><i>Forskning viser at mykje av fråfallet skjer i overgangen frå ungdomsskulen til vidaregåande og mellom nivåa i vidaregåande opplæring. Kva system har skulen for å sikre desse overgangane? Skulen har sett i gong eit systematisk arbeid gjennom skulen sitt Nærværsteam. Det er tett kontakt med ungdomsskular i regionen.</i></p> <p><i>Kva utfordringar ser skulen når det gjeld sluttarar? Me kan bli flinkare til å ta rask kontakt med dei som slit både med motivasjon og sjukdom. Fleire treng alternativ til skule.</i></p> <p><i>Kva konsekvensar får desse vurderingane for skulen sitt utviklingsarbeid? Me vil prioritere Nærværsteam og arbeid med forebygging endå tydeligare i året som kjem. Dette ser vi også i samanheng med tiltaksmodellen Drømmeskolen som er ei prioritert satsing også neste skuleår. Desse to tiltaka må bli betre forankra i heile organisasjonen.</i></p>	

2 Evaluering av skulen sine prioriterte tiltak 2016/17

Skulane har ansvar for å vurdere eigen organisasjon og resultat i lys av sentrale og lokale styringsdokument. På grunnlag av vurderinga skal skulen utarbeide kunnskapsbaserte mål og tiltak i eigen utviklingsplan. Tiltaka skal vere grunnlagt ut i frå lokal kontekst, styringssignal og relevant kunnskap.

Skulen bes evaluere to til tre prioriterte tiltak i utviklingsplanen.

2.1 Utviklingstiltak – Lærarstyrt pedagogisk kafè

Kva var målet med tiltaket?

Auka læringsutbytte

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Dette er eit «bottom-up» utviklingstiltak for å involvere og engasjere lærarane i utviklingsarbeid i ei uformell kafèdrøfting av aktuelle tema/problemstillingar.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Bakgrunnen var eit ynskje frå lærarane om å få ein arena som dei hadde ansvar for i fellestida, der dei kunne ha påverknad på tema som dei opplever at er relevante for undervisninga i ei meir uformell ramme.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Ein lærar er ansvarleg koordinator, og lærarane melder inn tema/problemstillingar som dei ynskjer drøfta på pedagogisk kafè. Desse vert ført opp på tavla på personalrommet, slik at alle er kjende med dei på førehand. Lærarane vel bord ut frå kva tema/problemstilling dei ynskjer å drøfte med andre, og ein rullerer undervegs slik at alle kan delta på 2-3 kvar gong.

2.1.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Leiinga har lagt til rette for pedagogisk kafè to gonger sidan november. Målet er 1-2 gonger per termin.

2.1.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Tiltak bidreg til å involvere og engasjere dei tilsette, og er positivt for å fremje ideala knytt til ein lærande organisasjon. I tillegg har det reint konkret ført til at behov for eit tydelegare felles ordensreglement har vorte tydeleggjort, og deretter utarbeidd i ein medskapande prosess.

2.1.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Kor vidt tiltak i seg sjølv fører til auka læringsutbytte for elevane er uklårt, men det er eit av fleire tiltak som bidreg til samarbeid og delingskultur, noko som i neste omgang kjem elevane til gode.

2.1.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Erfaringane er så langt positive, men truleg kan me ha eit betre system på oppfølging av dei innspela som kjem ut av dette.

2.2 Utviklingstiltak – Drømmeskulen: Elevmentorar og sosiale tiltak

*Kva var målet med tiltaket?
Auka fullføring*

*Gi ein kort omtale av tiltaket.
Bruke elevmentorar aktivt for å fremje trivsel gjennom prosjektet Drømmeskolen, og leggje til rette for trivselsfremjande aktivitet i storfriminutta som legg til rette for blanding av klassar.*

*Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?
Austrheim vgs vart med i prosjektet Drømmeskolen.*

*Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?
Elevmentorane er sentrale i Drømmeskolen, og har ansvar for ein del aktivitetar både i klassane og felles i kantina i storefriminuttet. I dette ligg det ein del aktivitetar på klassenivå og felles for alle elevane i kantina og knytt til skulestart.*

2.2.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Rektor sit i ressursgruppa for Drømmeskolen, og har følgd opp frå leiargruppa.

2.2.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Praksis er definitivt endra ved at ein del aktivitetar er gjennomført.

2.2.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Denne tiltaksmodellen (Drømmeskolen) og arbeidet i Nærværsteamet kan nok bidra til auka gjennomføring, men det er for tidleg å dra ein klår konklusjon.

2.2.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Det har skjedd mykje positivt, men samstundes er det rom for forbetringar. Ikkje alle elevmentorane har fungert like bra. Kontaktlærarane må få betre opplæring i denne tiltaksmodellen. Det er såleis viktig med god kvalitetssikring i utvalsprosessen både når det gjeld elevmentorar og kontaktlærarar på vg1. Dessutan kan nok infolyten bli betre i organisasjonen, slik at både lærar og leiing i større grad får info om aktivitetar. Dette er ei viktig oppgåve for skulen si ressursgruppe for Drømmeskolen.

2.3 Utviklingstiltak – Vurdering for læring

Kva var målet med tiltaket?

Auka læringsutbytte

Gi ein kort omtale av tiltaket.

Vidareføre satsing på vurdering for læring, mellom anna ved bruk av fellestid, men gi tiltaket ei ny innretning som involverer og engasjerer lærarane.

Kva er årsakene til at skulen har valt dette utviklingstiltaket?

Elevundersøkinga viser at me ikkje gjer det godt nok på vurdering for læring. Tidlegare deltok me i MOOC om vurdering for læring, men lærarane opplevde at dei vart passifisert og hadde liten medverknad. Det var derfor behov for ein ny innretning.

Korleis har gjennomføring av tiltaket vore organisert?

Det er avdeling for studiespesialiserande, fellesfag og HO som spesielt har score dårleg på dette, og som derfor i hovudsak har følgd opp på avdelingsnivå. Temaet har vore oppe to gonger med kort presentasjon av leiar, og deretter drøfting i grupper. Dessutan har temaet også vore berørt på pedagogisk kafè, samt gjennom ei sterkare vektlegging av at lærarane skal vere i dialog med elevane om kompetansemål, undervisning, vurdering, læringsutbytte og karakterar. I tillegg skal lærarane også gjennomføre ei spørjeundersøking med elevane i dei respektive faga med undervisningsevaluering.

2.3.1 Korleis har leiinga følgd opp tiltaket gjennom året?

Det er spesielt avdelingsleiar for studiespesialiserande som har følgd opp dette på denne aktuelle avdelinga.

2.3.2 Ser skulen endra praksis som følgje av utviklingsarbeidet?

Forhåpentlegvis fører fokus og dialog om temaet til endring av praksis. Her er det iallfall lagt til rette for ein delingskultur, og praksis er nok noko endra, men hjå kor mange og i stor grad er det vanskeleg å seie noko konkret om. Men det er behov for å fortsetje med å følgje opp temaet.

2.3.3 I kva grad vurderer skulen at måla med tiltaket er nådd?

Endringane i praksis er neppe så store at målet er nådd, og det er såleis behov for å fortsetje å følgje det opp.

2.3.4 Korleis vurderer skulen organisering og gjennomføring av tiltaket?

Det som i utgangspunktet vart oppfatta som noko negativt, pga dei negative erfaringane med MOOC, er snudd til noko meir positivt. Det er såleis grunn til å tru at me har funne ei betre innretning, men framleis er det meir som må gjerast på dette området.

3 Prosess knytt til skuleutvikling i lys av styringsdokument for det pedagogiske utviklingsarbeidet

3.1 Korleis har leiinga lagt til rette for prosessar med tilstandsvurdering gjennom året?

Austrheim vgs gjennomførte hausten 2016 ein svært grundig utviklingsplanprosess med utgangspunkt i den malen som Udir har utarbeidd. Denne prosessen starta med ein gjennomgang og drøfting av tilgjengelege resultat i kollegiet, og deretter gjennomføring av ei eigenvurdering av praksis på skulen og SWOT-analyse. I sum danna dette grunnlag for utviklingsplanen. Våren 2017 hadde me ein gjennomgang av resultatata i elevundersøkinga i kollegiet.

<p>3.2 Korleis har leiinga sikra forpliktande medverknad og involvering?</p> <p><i>I utviklingsplanen var det ein grundig prosess knytt til resultat, eigenvurdering og SWOT-analyse som dei tilsette deltok aktivt i.</i></p>
<p>3.3 Korleis sikrar leiinga at heile det pedagogiske personalet er involvert i gjennomføring av utviklingsarbeidet?</p> <p><i>Ved å leggje opp til medskapande prosessar, der dei tilsette får eigarskap til både prosessen og sluttproduktet.</i></p>
<p>3.4 Korleis har skulen sikra elevmedverknad i utviklingsarbeidet?</p> <p><i>Elevrådet vart aktivt involvert, og gjennomførte mellom anna ein eigen SWOT-analyse.</i></p>
<p>3.5 Kva har vore dei største utfordringane for å lukkast med utviklingsarbeidet?</p> <p><i>Tidsklemma er den største utfordringa. Me prioriterte mykje tid på å ha ein brei og inkluderande prosess rundt utarbeidinga av utviklingsplanen, men i oppfølginga er det nok tidsproblem som er den største utfordringa.</i></p>
<p>3.6 Gi ei samla vurdering av skulen sitt utviklingsarbeid i lys av forventningar i styringsdokumentet.</p> <p><i>Austrheim vgs leverer her, og i utforminga av utviklingsplanen vart det teke utgangspunkt i HFK sitt styringsdokument.</i></p>

4 Ope felt - valfritt

Ope felt for skulen til å rapportere på valfritt tema.